# Indikatormanual

Omtale av indikatorar til bruk i tettstadpakkar

**Kyrre Groven, Vestlandsforsking**

# Bakgrunn

## Tettstadpakke-prosjektet

Denne manualen har blitt til som del av prosjektet *Tettstedspakker for attraktiv, inkluderende og klimavennlig stedsutvikling* (2018-2021). Prosjektet skal fremme berekraftig stadutvikling i mindre tettstader, med hovudvekt på korleis ein meir samordna og effektiv areal-, transport- og sentrumspolitikk kan bidra til betre tettstader, også utanom dei større byane. Målet har vore å bidra til dette gjennom innovasjonen *tettstadpakkar*. Denne er inspirert av den norske bypakke-modellen, men tilpassa vilkåra i mindre tettstader som ikkje har tilgang til dei same statlege incentivordningane som storbyane.

Prosjektet har prøvd å bringe fram kunnskap om gode løysingar for tettstader når det gjeld attraktiv, inkluderande og klimavenleg stadutvikling. Arbeidet er basert på samskaping, og er utført av ei breitt samansett prosjektgruppe med Midt-Telemark, Hol, Stryn og Sortland kommunar, dei tre forskingsinstitutta TØI, NIBR og Vestlandsforsking, og ulike regionale og statlege etatar. Midt-Telemark kommune er prosjektleiar, og TØI er fagleg leiar. Prosjektet er finansiert av RFF Oslofjordfondet og eigenfinansiering frå partnarane.

## Indikatorutviklinga sin plass i prosjektet

Tettstadpakkane er tenkt bygd opp gjennom fleire ledd knytt til kvar sin arbeidspakke (AP):

AP2: Undersøke tettstadene sine utfordringar og karakteristika, og pilottiltak for å teste innovative løysingar

AP3: Utforme prinsipp for god organisering, samarbeid og inkluderding i tettstadpakkar

AP4: Utforme tiltak og tiltakskombinasjonar til bruk i tettstadpakkar

AP5: Utvikle indikatorar som kan brukast til å måle effekten av tettstadpakkar.

Indikatorarbeidet (AP5) består av desse oppgåvene:

1. Skaffe kunnskap om noverande indikatorbruk
2. Kartlegge kommunane sine ønske om relevante indikatorar
3. Utvikle indikatorsett
4. Teste og evt. justere indikatorsettet.

Dette dokumentet rapporterer punkt 3, ved at det gjer greie for utvikling av forslag til indikatorsett, og gir instruksjonar om korleis kommunane kan etablere og vedlikehalde dei foreslåtte indikatorane.

Det er særleg desse personane som har tatt del i arbeidet med indikatorane: **Kristin Karlbom Dahle** (Midt-Telemark kommune), **Kritine Røiri** (Sortland kommune), **Geirmund Dvergsdal** (Stryn kommune), **Maja Johanne Tvedt** (Hol kommune), **Marianne Knapskog** (TØI) og **Kyrre Groven** (Vestlandsforsking).

# Utvikling av indikatorsettet

Arbeidet med å utvikle framlegget til indikatorsett fann stad over ein periode på 1 år, frå november 2019 til desember 2020. Kommunane var aktive i utforminga av både metodikken og indikatorforslaga, i ein fruktbar samskapingsprosess.

- Indikatorar var tema for eit gruppearbeid på fellessamling 3 i Oslo, 12. november 2019.
- Nedstenginga våren 2020 gjorde at vi gjekk bort frå tanken om ei fellessamling med tema indikatorar. I staden vart det lagt opp til ein nettbasert prosess, med
  - Epost-kartlegging av indikatorbruk og -behov, utsendt 15. mai
  - Tre zoom-møte med kommunane i perioden 3. juni – 16. september
- Basert på innspel frå spørjeskjema og diskusjonar under nettmøta laga vi ei liste over aktuelle indikatorar, som blei utvikla undervegs til å innehalde ei relativt omfattande vurdering av kvar indikator med omsyn til fire eigenskapar:
  - Kor tilgjengelege data er
  - Relevans for dei fire tettstadpakke-temaa
  - Nytteverdi for ulike aktørgrupper
  - Kor eigna indikatoren er for formidling
- Første utgåve av denne manualen med forslag til 15 indikatorar vart lagt fram for heile prosjektgruppa i eit seminar 11. des 2020. Her kom det nye forslag som resulterte i sju nye indikatorar.

På sidene som følgjer er aktuelle indikatorar presentert under dei fire tematiske overskriftene:

- Handel og liv i sentrum (H)
- Trafikk i sentrumsområdet (T)
- Bustad og fritidsbustad (B)
- Velferd, inkludering og samarbeid (V)

I starten av kvar bolk har vi gjengitt vurderingsskjemaet med omtale av dei indikatorane som valt ut. Her har kvar indikator fått sin eigen bokstav- og talkode, f.eks. er **H1** den første av indikatorane under temaet «handel og liv i sentrum».

Så følgjer eit tilsvarande skjema med aktuelle tilleggsindikatorar, dette er slike som vi har vurdert etter ønske frå kommunane, men ikkje klart å skaffe lett tilgjengelege data for.

Til slutt i kvar bolk følgjer detaljert omtale av kvar enkelt indikator, inkludert ei skildring av korleis ein kan gå fram, trinn for trinn, for å hente ut data til bruk i indikatoren.

I slutten av dokumentet er det eit vedlegg som viser korleis ein går fram på kart.ssb.no for å skaffe oversikt over grunnkretsar til bruk i indikator B1 (befolkning etter kjønn og alder).

# Om bruk av indikatorar i tettstadutviklingsarbeidet

- Dette dokumentet inneheld til saman 22 forslag til indikatorar som kan brukast til å følge med på måloppnåing i arbeidet med tettstadpakkar. Kommunen må sjølv plukke dei indikatorane som har størst lokal relevans.
- Tettstadutvikling er eit langsiktig arbeid, der ein ikkje kan vente å få målbare resultat kort tid etter at ein har sett inn tiltak. Sjølv om det er viktig å overvake måloppnåinga og eventuelt korrigere tiltaka dersom dei ikkje ser ut til å ha ønska effekt, vil vi åtvare mot å vere for utålmodig. Det kan for eksemepl ta fleire år før tiltak for auka sykkelbruk gir seg utslag i fleire sykkelpasseringar forbi eit lokalt teljepunkt.
- I tillegg til å overvake kva fysiske effektar tettstadpolitikken har «på bakken», vil vi derfor oppfordre til å gjennomføre brukar- og innbyggarundersøkingar. Dette kan fortelje om korleis folk opplever sjølve prosessen, kva gjennomføring av ulike tiltak kan ha å seie for tillit til kommunen og oppleving av innverknad på eigen situasjon.
- Dei to siste indikatorforslaga viser korleis kommunen kan få gjennomført målingar blant innbyggarane rundt tillit og lokaldemokrati (V5) og skreddarsydde undersøkingar av korleis dei oppfattar konkrete stadutviklingstitak (V6).

# Hovudlista:
# Indikatorar med enkel tilgang til data

## Handel og liv i sentrum

H1: Grøne areal i tettstaden

H2: Omsetning per innbyggar i detaljhandel

H3: Tal tilsette i handel og service

H4: Andel som jobbar i sentrum

H5: Norsk kulturindeks

H6: Bruk av kulturtilbod

H7: Besøkstal i kulturhuset

## Trafikk i sentrumsområdet

T1: Biltrafikk gjennom sentrum (ÅDT)

T2: Sykkeltrafikk gjennom sentrum (ÅDT)

T3: Andel av kommunale vegar tilrettelagt for sykkel

## Bustad og fritidsbustad

B1: Befolkning etter kjønn og alder

B2: Andel eldre over 70/80 år

B3: Busette pr. $km^2$ tettstad

B4: Bustadtype

B5: Tettheit av bustader

B6: Tettheit av fritidsbustader

## Velferd, inkludering og samarbeid

V1: Andel unge som er med i organisert fritid

V2: Andel unge som ikkje er nøgd med tilbodet på treffstader

V3: Område barn opplever som negative/positive

V4: Identitet og optimisme i kommune/næringsliv

V5: Tilltil til kommunalt styre

V6: Haldningar til tettstadutvikling

# Tilleggslista:
# Indikatorar der tilgang til data er usikker

## Handel og liv i sentrum

Opplevd trivsel i sentrum

Bruk av leikeområde, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg

Bruk av byrom/møteplassar

Kjøpekraft (velferdsnivå)

Tomme forretningslokale

Arb.plassutvikling i sentrum

Tal serveringsstader

## Trafikk i sentrumsområdet

Reisevanar GSKB

Andel gjennomgangstrafikk

Andel sykkelreiser

Inn- og utpendling

Andel kollektive arbeids- og fritidsreiser

Dekning sentrumsparkering

Tal trafikkulykker

Opplevd tyggheit i trafikken

Andel el-bilar

Luftkvalitet

## Bustad og fritidsbustad

Bebuarar per husstand etter bygningstype

Andel aldersvenlege bustader

Andel tomme sentrumshus (ikkje busette og fritidshus)

Tal tilgjengelege sentrumsbustader

## Velferd, inkludering og samarbeid

Utdanningsnivå i befolkninga

Andel unge som er trygge i nærområdet sitt*

* Indikatoren er tatt ut av ungdata-rapportane frå 2020

# Korleis lese vurderingsskjema

| **Handel og liv i sentrum:** Indikatorar som er med i manualen | Kjelde | Kommune | | | | Tilgjengeleg | | | Temarelevans | | | | Nytteverdi for kven | | | | | Formidling | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sortland | Stryn | Hol | Midt-Telemark | Type data og frekvens [1] | Innsats | Allment | Handel og liv i sentrum | Trafikk i sentrum | Bustad og fritidsbustad | Velferd/inkl./samarbeid | Lokal adm. | Lokal politikk | Fylke/stat | Næringsliv | Sivilsamfunn | Media | Politisk |
| H1: Omsetning per innbyggar i detaljhandel | Statistikk-banken 05361 | | | | | R 2 | L | J | H | M | L | L | H | H | M | H | L | M | H |

Lenke til evt. nettbaserte datakjelder

**Type data**:
R = registreringar som uansett blir gjort
D = data må samlast inn spesielt

**Frekvens**: 1 = årleg, 2 = kvart 2. år (osv.)

Kor mykje innsats krev det å skaffe data? (låg/middels/høg)
Er data allment tilgjengelege? (ja/nei)

H = høg, M = middels, L = låg
Mørk farge er «gunstigare» enn lys

# Handel og liv i sentrum (H)

| **Handel og liv i sentrum:** Indikatorar som er med i manualen | Kjelde | Kommune | | | | Tilgjengeleg | | | Temarelevans | | | | Nytteverdi for kven | | | | | Formidling | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sortland | Stryn | Hol | Midt-Telemark | Type data og frekvens [1] | Innsats | Allment | Handel og liv i sentrum | Trafikk i sentrum | Bustad og fritidsbustad | Velferd/inkl./ samarbeid | Lokal adm. | Lokal politikk | Fylke/stat | Næringsliv | Sivilsamfunn | Media | Politisk |
| H1: Grøne areal i tettstaden | Statistikk-banken 10810 | | | | | R1 | L | J | H | M | H | H | H | H | M | H | H | H | H |
| H2: Omsetning per innbyggar i detaljhandel | Statistikk-banken 05361 | | | | | R 2 | L | J | H | M | L | L | H | H | M | H | L | M | H |
| H3: Tal tilsette i handel og service | kart.ssb.no | | | | | R 2 | L | J | H | H | L | L | H | H | M | H | M | M | M |
| H4: Andel som jobbar i sentrum | Indikatorer for arealprofiler | | | | | R 1 | L | J | H | H | M | L | M | M | M | H | M | M | M |
| H5: Norsk kulturindeks | kulturindeks.no | | | | | R 1 | L | J | H | L | L | H | H | H | L | M | M | M | M |
| H6: Bruk av kulturtilbod | kulturindeks.no | | | | | R 1 | L | J | H | L | L | H | H | H | L | M | M | M | M |
| H7: Besøkstal i kulturhuset | Årsmelding | | | | | R 1 | L | J | H | L | L | H | H | H | L | M | M | M | M |

[1] **Type data**: R = registreringar som uansett blir gjort, D = data må samlast inn spesielt. **Frekvens**: 1 = årleg, 2 = kvart 2. år (osv.).

# Aktuelle tilleggsindikatorar

## Handel og liv i sentrum

| **Handel og liv i sentrum: Indikatorar som ikkje er med i manualen** | **Kjelde** | **Kommune** | | | | **Tilgjengeleg** | | | **Temarelevans** | | | | **Nytteverdi for kven** | | | | | **Formidling** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sortland | Stryn | Hol | Midt-Telemark | Type data og frekvens | Innsats | Allment | Handel og liv i sentrum | Trafikk i sentrum | Bustad og fritidsbustad | Velferd/inkl./ samarbeid | Lokal adm. | Lokal politikk | Fylke/stat | Næringsliv | Sivilsamfunn | Media | Politisk |
| Opplevd trivsel i sentrum | Oppdrag | | | | | D 4 | H | J | H | H | H | H | H | H | M | H | H | H | H |
| Bruk av leikeområde, nærmiljøanlegg og idrettsanlegg | Barnetråkk<br>Kartlegging<br>Anleggsregister | | | | | D 4 | M | J | L | H | M | H | H | H | M | L | H | H | H |
| Bruk av byrom/møteplassar | Barnetråkk/ folketråkk<br>Oppdrag<br>Maptionnaire | | | | | D 2 | | J | H | H | M | H | H | H | M | M | H | H | H |
| Kjøpekraft (velferdsnivå) | SSB | | | | | R 1 | | J | H | L | M | H | H | H | M | H | M | M | H |
| Tomme forretningslokale | Oppdrag | | | | | D | H | N | H | L | L | M | H | H | M | H | M | H | H |
| Arb.plassutvikling i sentrum | Oppdrag | | | | | D | H | N | H | M | L | M | H | H | M | H | M | H | H |
| Tal serveringsstader | Oppdrag<br>(næringsavd.?) | | | | | D | H | N | H | L | L | M | M | M | M | H | H | M | M |

# H1: Grøne areal i tettstaden

## Statistikkbanken tabell 10810

- Grøne areal i tettstaden er viktig, både for trivsel, biomangfald og klimatilpassing. Ved å overvake korleis omfanget av dei grøne areala utviklar seg, kan ein unngå at viktige kvalitetar i nærmiljøet til mange av innbyggarane går tapt.
- SSB Statistikkbanken publiserer årlege arealbrukstal for alle norske tettstader.
- Nærare informasjon om statistikken finn du her.

| | Areal | |
|---|---|---|
| | 2015 | 2020 |
| 7851 Sortland | | |
| Grønne områder, idretts- og sportsområder | 0,10 | 0,16 |
| Jordbruksareal | 0,14 | 0,13 |
| Skog | 0,18 | 0,16 |
| Våtmark | 0,08 | 0,08 |

# H1: Framgangsmåte

- Gå til Statistikkbanken tabell 10810 arealbruk i tettsteder
- Merk av årstal du vil ha data for (statistikken går tilbake til 2011)
- Søk opp namnet på tettstaden
- Marker arealklasser som gjeld grøne areal:
  - Grønne områder, idretts- og sportsområder
  - Jordbruksareal
  - Skog
  - Våtmark
- Klikk Vis tabell
- NB: Her kan du hente statistikk for i alt 19 arealklasser.



# H2: Omsetning per innbyggar i detaljhandel

## Statistikkbanken tabell 04776, kommune

- Kommunevis statistikk over detaljhandelomsetning per innbyggar og år (omsetninga som skjer i kommunen delt på tal innbyggarar i kommunen).
- SSB lagar ikkje varehandelstatistikk på finare geografisk nivå enn kommune. Detaljhandelsstatistikk for tettstader må eventuelt bestillast frå SSB som eit betalt oppdrag.
- Tala er eksklusiv omsetning av motorkjøretøy og bensin, og eksklusiv meirverdiavgift.




| | Omsetning | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
| 1870 Sortland - Suortá | 123 158 | 125 846 | 126 569 | 132 118 | 129 742 |

# H2: Framgangsmåte

- Gå til https://www.ssb.no/statbank/table/04776/
- Vel år
- Region: Klikk på «Alle kommuner» og søk på kommunenamn/nummer
- Ved val av kommune, ver obs på at kommunenummer og dataserie må korrespondere:
    - **3817 Midt-Telemark** har ingen data for åra før 2020
    - **0821 Bø (Telemark)** har ingen data etter 2019










Skift mellom å få vist data som tabell eller diagram.

# H3: Tal tilsette i handel og service

kart.ssb.no, tilsette per rute på 250 x 250 m

- Kartløysinga til SSB kan vise tal tilsette innan handels- og serviceverksemder per rute på 250 x 250 m.
- Data blir ikkje vist for ruter med mindre enn 10 tilsette.
- Statistikken er basert på Virksomhets- og foretaksregisteret.



# H3: Framgangsmåte

- Gå til kart/ssb.no
- Finn rett kartutsnitt
- Klikk symbolet for **Layer Manager**
- Opne menyen **Centre zones** ved å klikke pila til venstre
- Merk av **Trade and service grids 2019** og **tabellsymbolet**
- Vis **teiknforklaring** ved å klikke merkelappsymbolet
- Klikk på enkeltruter for å få eksakt tal tilsette innan handels- og servicenæringar (sjå neste side)









# H3: Les data

Klikk på kvar enkelt rute for å lese av verdien i tabellen under kartet.



# H4: Andel som jobbar i sentrum

- Indikatoren «andel som jobber i sentrum» på SSBs arealprofilar viser andel sysselsette (15-74 år) som har registrert arbeidsstad i den største sentrumssona i eigen bustadkommune.
- Gjeld berre sysselsette som har kopling til stadfesta verksemd, og kommunar med sentrumssone.
- Sentrum i Bø, Geilo, Stryn og Sortland er vist som blå område på karta under. Sjå her for SSB sin definisjon av *sentrum* (→ Om statistikken → Omgrep).















# H4: Framgangsmåte

- Gå til Indikatorer for arealprofiler og klikk på indikatoren «Andel som jobber i sentrum»
- Velg rett år og skriv inn kommunenamn i søkefeltet.
- Gjenta kommunesøk om du vil samanlikne bestemte kommunar.
- Du kan også markere fylke og eventuelt kombinere med framheving av kommune.









# H5: Norsk kulturindeks

## kulturindeks.no

- Norsk kulturindeks blir kvart år utarbeidd av Telemarkforsking, og presentert på kulturindeks.no. Der blir norske kommunar rangert ut frå kor godt dei skårar på ein indeks som er bygd opp av i alt 37 indikatorar fordelt på 10 hovudkategoriar.
- Ettersom mange av indikatorane er knytt til kulturtilbodet i sentrum, kan ein velje å bruke kommunen si **rangering i Norsk kulturindeks** som ein sjølvstendig indikator under temaet handel og liv i sentrum.
- Til høgre ser vi korleis Stryn kommune på denne indeksen har klatra frå 242.-plass i 2014 til 103.-plass i 2019. Radardiagrammet syner at kommunen skårar høgt på indikatorar som bibliotek (41.-plass) og konsertar (58.-plass), men lågt for museum og kunstnarar.
- **Framgangsmåte**: Gå til kulturindeks.no, klikk på **Finn resultater for din kommune**, skriv inn kommunenamn og pass på at variabel er sett til Kulturindeks.






# H6: Bruk av kulturtilbod

## kulturindeks.no

- Mange av indikatorane som inngår i Norsk kulturindeks dreier seg om besøkstal på kulturtilbod. I tabellen har vi markert 1-2 indikatorar per hovudkategori som vi tilrår å bruke.
- Det vil vere behov for lokale tilpassingar, t.d. dersom det ikkje finst museum i sentrum (eller det viktigaste av fleire museum i kommunen ligg utanfor sentrum), fell denne indikatoren vekk.
- Bibliotekindikatorar kan brukast aktivt i arbeidet med å utvikle biblioteka som sosial og kulturell møteplass.
- Alle indikatorane er rekna ut per innbyggar *i kommunen*, sjølv om ikkje alle brukarane av kulturtilboda er busette i kommunen.

| Museum | Konsertar | Kino | Bibliotek |
|---|---|---|---|
| Totalt besøk | Billettselskap arrangement | Filmframvisingar | Utlån |
| Betalande besøk | Billettselskap omsetning | Kinobesøk | Bibliotekbesøk |
| Utstillingar og arrangement | | Mangfald filmframvisingar | Vaksne aktive lånarar |
| | | Mangfald kinobesøk | Arrangement deltakarar |

# H6: Framgangsmåte

- Gå til kulturindeks.no, klikk på **Steder**
- Vel **år**, klikk **Kommuner** og skriv kommunenamn eller -nummer i feltet
- Vel tema i menyen under **Velg variabel**
- Viss kommunen ikkje bestiller rapport frå kulturindeks.no, må du **lese av** indikatorverdi frå y-aksen i diagrammet. Eit stort pluss er at ein kan følgje utviklinga av indikatoren i høve til lands- og fylkesgjennomsnittet.
  - Eks.: Etter at Kulturfabrikken opna i okt. 2014, har Sortland hatt vesentleg høgare omsetning av konsertbillettar per innbyggar enn fylket og landet. I 2018 gjekk billettsalet til konsertar i Sortland mellombels ned, og ligg no likt med landssnittet.






# H7: Besøkstal i kulturhuset

## Årsmeldinga frå det lokale kulturhuset

- Norsk kulturindeks (H4) kartlegg oppslutning om konsertar med omsetningstal frå ulike billettselskap.
- I nokre kommunar vil det vere ønskeleg å følgje utviklinga i besøket hos kulturhuset eller ein annan enkeltaktør.
- Besøkstal går fram av **årsmeldinga** til kulturhuset. Eksemplet til høgre er henta frå Kulturfabrikken i Sortland.

Besøkstallet på arrangementer, kino og bibliotek til sammen er på 102 311 personer. Dette tallet inkluderer publikum på gratisarrangementer men ikke besøk i Kulturkaféen, kulturskolen, voksenopplæringen, Newtonrommet og ellers på bygget. Dette tallet inkluderer heller ikke antall deltakere på møter, kurs og konferanser.

Besøk på arrangement (billett og gratis), kino og bibliotek:

| Arena | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Biblioteket | 38 000 | 39 033 | 40 000 | 40 000 | 48 000 |
| Kino | 15 458 | 18 458 | 22 176 | 22 487 | 22 693 |
| Arrangementer | 28 679 | 38 718 | 34 688 | 35 864 | 31 618 |
| **Totalt** | **82 137** | **96 209** | **96 864** | **98 351** | **102 311** |

# Trafikk i sentrumsområdet (T)

| **Trafikk i sentrumsområdet:** Indikatorar som er med i manualen | Kjelde | Kommune | | | | Tilgjengeleg | | | Temarelevans | | | | Nytteverdi for kven | | | | | Formidling | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sortland | Stryn | Hol | Midt-Telemark | Type data og frekvens | Innsats | Allment | Handel og liv i sentrum | Trafikk i sentrum | Bustad og fritidsbustad | Velferd/inkl./samarbeid | Lokal adm. | Lokal politikk | Fylke/stat | Næringsliv | Sivilsamfunn | Media | Politisk |
| T1: Biltrafikk gjennom sentrum (ÅDT) | trafikkdata.no | | | | | R 1 | L | J | M | H | M | M | H | H | H | M | M | M | H |
| T2: Sykkeltrafikk gjennom sentrum (ÅDT) | trafikkdata.no | | | | | R 1 | L | J | M | H | M | M | H | H | H | M | M | M | H |
| T3: Andel av kommunale vegar tilrettelagt for sykkel | KOSTRA | | | | | R 1 | L | J | M | H | M | M | H | H | H | M | M | M | H |

**Type data**: R = registreringar som uansett blir gjort, D = data må samlast inn spesielt. **Frekvens**: 1 = årleg, 2 = kvart 2. år (osv.).

# Aktuelle tilleggsindikatorar

## Trafikk i sentrumsområdet

| **Trafikk i sentrumsområdet:** Indikatorar som ikkje er med i manualen | **Kjelde** | **Kommune** | | | | **Tilgjengeleg** | | | **Temarelevans** | | | | **Nytteverdi for kven** | | | | | **Formidling** | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sortland | Stryn | Hol | Midt-Telemark | Type data og frekvens | Innsats | Allment | Handel og liv i sentrum | Trafikk i sentrum | Bustad og fritidsbustad | Velferd/inkl./ samarbeid | Lokal adm. | Lokal politikk | Fylke/stat | Næringsliv | Sivilsamfunn | Media | Politisk |
| Reisevanar GSKB | Oppdrag, SVV | | | | | D | H | J | H | H | H | H | H | H | H | M | H | H | H |
| Andel gjennomgangstrafikk | Kartlegging | | | | | D | H | J | H | H | M | M | H | H | H | H | H | H | H |
| Andel sykkelreiser | Kartlegging | | | | | D | H | J | M | H | M | M | H | H | H | M | M | H | H |
| Inn- og utpendling | SSB | | | | | D | M | N | M | H | H | M | H | H | H | M | M | M | H |
| Andel kollektive arbeids- og fritidsreiser | Busselskap, FK | | | | | R | L | N | L | H | M | M | H | H | H | M | M | L | M |
| Dekning sentrumsparkering | Oppdrag, kom. | | | | | D | H | J | H | H | H | H | H | H | M | M | M | H | H |
| Tal trafikkulykker | SVV | | | | | R | M | J | H | H | M | H | H | H | H | M | H | H | H |
| Opplevd tryggheit i trafikken (skumle parti/kryssingar) | Barntråkk, eldretråkk | | | | | D | H | J | M | H | H | H | H | H | M | M | H | H | H |
| Andel el-bilar | Kartlegging | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Luftkvalitet | NILU | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

# T1: Biltrafikk gjennom sentrum

## Trafikkdata.no, årsdøgntrafikk for motorkjøretøy (inkl. motorsyklar)

- Trafikkdata.no formidlar data frå trafikkregistreringsstasjonar på det statlege og fylkeskommunale vegnettet, og nokre kommunale vegar.
- Dette materialet gir ikkje innsikt i interntrafikken i sentrumsområdet, og skil ikkje mellom lokal- og gjennomgangstrafikk.
- Registreringane gjeld m.a. kjøreretning og lengd på kjøretøy. Dette kan ein studere i tabellvisning, og t.d. få ut ÅDT for tungtrafikk.



# T1: Framgangsmåte

- Gå til trafikkdata.no
- Vel **Motorkjøretøy** under trafikanttype
- Etter kvart som du zoomar inn til rett kartutsnitt, vil tal trafikkregistrerings-stasjonar visast som kvite tal i blå sirklar. Enkeltstasjonar er blå prikkar utan tal.
- Klikk ønskt teljepunkt, klikk **Utforsk data**.
- Vel ønskt tidsoppløysing, vi foreslår ÅDT.
- Tabellvisning gir gjennomsnittleg døgntrafikk for yrkesdøgn, helgedøgn og alle dagar.
- Kontakt trafikkdata@vegvesen.no dersom store avvik, som ÅDT for Kirkebakken i 2018 vist på førre side.
- Klikk på **Eksporter detaljerte data** og lagre som excel-fil for eventuell analyse.









# T2: Sykkeltrafikk gjennom sentrum

## Trafikkdata.no, årsdøgntrafikk for syklar

- Trafikkdata.no har også data for sykkelteljepunkt.
- Av dei fire kommunane i tettstadpakke-prosjektet er det berre Midt-Telemark som har (to) sykkelteljepunkt. Også dette er for lite til å analysere sykkel si rolle i interntrafikken i sentrum.
- ÅDT for eit enkelt sykkelteljepunkt kan likevel seie noko om effekten av tiltak for å fremje sykling.
- Framgangsmåten er den same som for T1, bortsett frå at du vel **sykkel** under trafikanttype.



# T3: Andel kommunale vegar tilrettelagt for sykkel

KOSTRA: https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra

- KOSTRA nøkkeltal samferdsel: «Andel km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale veier (prosent)»
- Dette er tal som kommunen har sendt inn til SSB. Teknisk etat kan lage tilsvarande indikator for eit relevant utsnitt av kommunen, t.d. sentrumsområdet og tilførselsvegar som er innanfor normal sykkelavstand.
- Indikatoren bør også omfatte **riks- og fylkesvegar** i det aktuelle området.

## Samferdsel

Oppdatert 15.06.2020.

TILPASS TABELLEN:
☑ Kostragruppe
☑ Landet uten oslo
☐ Landet
☐ Fylkesgjennomsnitt
☐ Vis flere kommuner for sammenligning

| Nøkkeltall | Enhet | Hol | Kostragruppe 03 | Landet uten Oslo |
|---|---|---|---|---|
| | | 2019 + | 2019 + | 2019 + |
| Andel km tilrettelagt for syklende som kommunen har ansvaret for av alle kommunale veier (prosent) [3] | prosent | 13,5 | 5,5 | 14,6 |

[3] Omfatter sykkelveier, kombinerte gang- og sykkelveier, egne sykkelfelt og tiltak i gater med fartsgrense skiltet 30 km/t eller 40 km/t som inngår i et sykkelveinett. Tosidige sykkelfelt inngår med 1*veilengden. Fortau langs kommunal vei inngår ikke.

# T3: Framgangsmåte

- Gå til [https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra](https://www.ssb.no/kommunefakta/kostra)
- Skriv inn kommunenamn
- Klikk på tenesteområde samferdsel
- Tilpass tabellen ved å velje samanlikningsgrunnlag






# Bustad og fritidsbustad (B)

| **Bustad og fritidsbustad:** Indikatorar som er med i manualen | Kjelde | Kommune | | | | Tilgjengeleg | | | Temarelevans | | | | Nytteverdi for kven | | | | | Formidling | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sortland | Stryn | Hol | Midt-Telemark | Type data og frekvens | Innsats | Allment | Handel og liv i sentrum | Trafikk i sentrum | Bustad og fritidsbustad | Velferd/inkl./samarbeid | Lokal adm. | Lokal politikk | Fylke/stat | Næringsliv | Sivilsamfunn | Media | Politisk |
| B1: Befolkning etter kjønn og alder | Statistikk-banken 04362 | | | | | R | M | J | H | M | H | H | H | H | L | M | M | M | M |
| B2: Andel eldre over 70/80 år | kart.ssb.no | | | | | R | L | J | H | M | H | H | H | H | L | M | M | M | M |
| B3: Busette pr. km² tettstad | Indikatorer for arealprofiler | | | | | R | L | J | H | M | H | M | H | H | L | M | M | M | M |
| B4: Bustadtype | Statistikk-banken 11508 | | | | | R | L | J | H | M | H | M | H | H | L | M | M | L | M |
| B5: Tettheit av bustader | kart.ssb.no | | | | | R | M | J | H | M | H | M | H | H | L | M | M | L | M |
| B6: Tettheit av fritidsbustader | kart.ssb.no | | | | | R | M | J | M | L | H | M | H | H | L | M | M | M | M |

**Type data**: R = registreringar som uansett blir gjort, D = data må samlast inn spesielt. **Frekvens**: 1 = årleg, 2 = kvart 2. år (osv.).

# B: Aktuelle tilleggsindikatorar

| **Bustad og fritidsbustad:** Indikatorar som ikkje er med i manualen | Kjelde | Kommune | | | | Tilgjengeleg | | | Temarelevans | | | | Nytteverdi for kven | | | | | Formidling | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Sortland | Stryn | Hol | Midt-Telemark | Type data og frekvens | Innsats | Allment | Handel og liv i sentrum | Trafikk i sentrum | Bustad og fritidsbustad | Velferd/inkl./samarbeid | Lokal adm. | Lokal politikk | Fylke/stat | Næringsliv | Sivilsamfunn | Media | Politisk |
| Bebuarar per husstand etter bygningstype | [Statistikkbanken 11509]() | | | | | D | M | N [2] | L | L | H | M | M | M | L | L | L | L | M |
| Andel aldersvenlege bustader | Metode: Husbanken? | | | | | D | H | N | M | L | H | H | M | M | L | L | H | M | M |
| Bustadsattraktivitet | Oppdrag: TF | | | | | D | M | N | H | L | H | H | H | H | M | H | H | M | H |
